

Møtereferat

Til: Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest

Kopimottakarar: Elisabeth B. Salte, Claus Ingebrigtsen, Pål Berger, Kari Toftøy-Andersen, Grete Knudsen, Linn Bæra, Harald Lindvik, Sven Hove, Oddveig Birkeland, Grete Müller. Vara-medlem.

Forall: Sven Hove, Harald Lindvik

Møteleiar: Linn Bæra, leiar

Møtedato: 25.02.2016

Klokkeslett: 10.00-15.00

Møtenr: 2/16

Møtestad: Helse Vest, Forus. Møterom Kjerag, 3. etg

Arkivref: -

Saksnr	Emne	Ansvarleg
10/16	Ingen kommentarar til referat frå førre RBU-møte.	Linn Bæra
11/16	Dato på innkalling blir retta, elles ingen kommentarar til innkallinga. Ingen saker til eventuelt.	Linn Bæra
12/16	Gjennomgang av aktuelle styresaker Resultatnotatet for 2015 blei gjennomgått, og Helse Vest kan vise til gode resultat for både kvalitet og økonomi. Nokre hovudpunkt frå resultatnotatet: <ul style="list-style-type: none">- Raskare takt på å redusere talet på ventetider for behandling.- Færre fristbrot – det no unntaksvis at fristbrot skjer. «Alle møter», med lengre planleggingsvindaug, vil ein anta er med på å bidra til dette.- Pakkeløp for kreft er oppretta med gode resultat, og to diagnostiske sentre er opna både i Bergen og Stavanger. Det vil også bli etablert slike senter i Førde og Fonna.- Fleire av tiltakspakkane i Program for pasienttryggleik er rulla ut i sjukehusa, og det blir rapportert på ein rekke kvalitetsindikatorar, som til dømes trykksår, fall og urinvegsinfeksjonar.- Tal på korridorpatientar er redusert samanlikna med fjoråret.	Bente Aae (Komm.dir i Helse Vest)

- Pasienterfaringar skal i større grad nyttast i systematisk forbetningsarbeid.
- Økonomi – positive resultat 7. året på rad, noko som gjer det mogleg å investere i mellom anna nye sjukehusbygg og andre utbyggingsprosjekt.
- Helse Innkjøp blei etablert i 2015, og skal bidra til at det blir etablert kommersielt gode avtalar, og at kvaliteten og funksjonen på dei innkjøpte varene og tenestene er gode.
- Det skal vere høgare vekst i psykisk helsevern og rusbehandling enn innanfor somatikk, slik den «gylne regel» seier. Særleg er ventetida innan rusbehandling korta ned.
- Det er sett ned utval som skal jobbe med registrering av tvang for å få lik registreringspraksis, og dermed eit godt grunnlag for å jobbe vidare med å få ned talet på bruk av tvang.
- IKT og systembygging – Helse Vest ligg langt framme med system som Vestlandspasienten.no og elektronisk journal på nett.
- Økt satsing på forskning og innovasjon. I prosjektporteføljen utgjorde den innovative satsinga i 2013-2014 omlag 70-80 mill. kr. I tillegg blei det tildelt 6 mill. kr. i innovasjonsmidlar til HF-a i 2015.
- Alle sjukehusa er no miljøsertifiserte i tråd med ISO 14001-standarden.
- 2015 syner at det er fleire som jobbar heiltid, og at sjukefråværet har vore rekordlågt.
- Omdømmemålinga for sjukehusa, der 2000 vestlendingar blir spurt, syner at innbyggjarane på Vestlandet er godt nøgde med pasientbehandlinga som gis, etisk standard og at sjukehusa er gode arbeidsplassar.

Vidare var det ein gjennomgang av styringsmål frå Helse- og omsorgsdepartementet for 2016 (lagt ved). Dei tre hovudstyringsmåla for 2016 er:

1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga
2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
3. Betre kvalitet og pasienttryggleik

Status på Helse2020 syner at mange av måla her er

	nådd, og i 2016 blir det jobba med å ferdigstille den nye strategien for dei neste 17 åra; Helse2030. Talet på pasientskadar i Helse Vest (13,4%) samanlikna med nasjonale tal (13,9%) syner at Helse Vest ligg noko betre an samanlikna med dei nasjonale tala. Målet er at skadeprosenten ved alle utskrivingar skal vere under 9,7%.	
11.30-12.00	Lunsj	
13/16	<p>Presentasjon av utkast til innovasjonsstrategi i Helse Vest (Presentasjon lagd ved).</p> <p>Førsteutkastet som blei presentert skal på høyringsrunde til interessentgruppene, som er definert i prosjektplanen, for vidare innspel. Førsteutkast med vedlegg blei delt ut i møtet.</p> <p>Strategien viser eit målbilete der mellom anna pasientar og pårørande er omtala som viktige endringsagentar. Dei vil i 2016 kunne melde inn gode idéar gjennom Idémottaka i føretaka.</p> <p><u>Innspel til innovasjonsstrategien frå RBU:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - RBU er godt nøgd med korleis brukarperspektivet er ivareteke gjennom heile strategiarbeidet - Sikker pasientidentifisering – viktig at det vert utvikla teknologi som støtter dette. - Framtidig næringsutvikling – viktig at det er helsevesenet som er premissleverandør - Samhandlingsverktøy mellom fastlegar, pasient og spesialisthelseteneste er viktig 	Marthe Hammer. (Spesialrådgivar, Seksjon forskning og innovasjon, Helse Bergen)
14/16	<p>Orientering om deltaking i prosjekt/arbeidsgrupper</p> <p>Oppdatert oversikt over deltaking lagt ved, og endringar er merka med raud skrift. Prosjekt som er avslutta er merka med grå skrift.</p>	Linn Bæra
15/16	<p>Brev/invitasjonar til Regionalt brukarutval:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Invitasjon frå Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering om å delta i programkomité (lagd ved). <p>Claus Ingebrigtsen og Ingunn Jolma har meldt at dei ønskjer å delta her.</p> <ol style="list-style-type: none"> 2. Invitasjon frå Helse Sør-Øst om deltaking i arbeidsgruppe 3 om ny spesialistutdanning for legar. 	Linn Bæra

	<p>Grete Müller ønsker å delta i undergruppe 1.</p> <p>3. Invitasjon frå Helse Vest v/kommunikasjonsdirektør om brukarrepresentant til styringsgruppa for felles nettløysing for spesialisthelsetenesta.</p> <p>Grete Müller ønsker å delta her</p> <p>4. Invitasjon frå Helse Vest om brukarrepresentasjon i «Utviklingsprosjekt om Odda og Stord sjukehus» (lagd ved)</p> <p>Tidlegare RBU-medlem Else Berit Ingvaldsen er peika ut til å representere RBU i dette prosjektet, saman med ein brukarrepresentant frå Helse Fonna, som skal bidra i prosjektet om Odda sjukehus.</p>	
16/16	<p>Gjennomgang av årleg melding frå RBU. Meldinga syner at brukarrepresentantane er involvert i prosjekt/arbeidsgrupper/utval i stor grad, og at dei deltek i mange viktige prosessar rundt pasienten si helseteneste.</p> <p>Tilbakemelding frå RBU på årleg melding frå Helse Vest RHF:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fokus på at tal på fristbrot, korridorpatientar og ventetider skal ytterlegare ned - Pasientsikkerhet, kultur og skadar må monitorerast og rapporterast også innan TSB - Framleis vidare fokus på samhandlingsreforma - Positivt at epikrisar blir sendt ut innan tidsfrist, og at det er flere hele stillinger i helsevesenet <p>Leiar av RBU vil ta med seg desse innspela i styremøtet i Helse Vest den 29.02.2016.</p>	Linn Bæra
17/16	<p>Orientering om leiarforum for brukarutval i Helse Vest.</p> <p>Leiar og nestleiar av RBU har allereie hatt eit Lync-møte med leiar og nestleiar av brukarutvala i helseføretaka, og ønskjer heretter å møte dei på Lync fire gongar årleg. RBU har tidlegare reist ut til alle brukarutvala i helseføretaka ein gong per funksjonsperiode, noko som har vist seg å vere både ressurskrevjande og i ulik grad vellukka. Lync-møte er ein effektiv måte å halde god kontakt med brukarutvala i regionen på. Alle brukarutvala vil,</p>	Linn Bæra

	som før, møtast ein gong i året til fellesseminaret som blir organisert av Helse Vest.	
18/16	<p>Planlegging og status for fellesmøte mellom brukarutvala i Helse Vest i Bergen 17.-18. august 2016. Innspel til tema.</p> <p>Det er eit ønskje om at direktør for HV IKT kjem for å snakke om datasikkerheit rundt pasientdata på nett, i tillegg til å seie litt om status for IKT-løysingar i Helse Vest, og kva for løysingar ein ser for seg i framtida.</p> <p>Andre forslag til tema for fellesseminaret var velferdsteknologi og eit møte med erfaringskonsulent på Kronstad DPS. Det er óg eit ønskje å invitere ein av pasientomboda til å snakke om saker dei får til behandling, som kan relaterast til særleg samhandlingsutfordringar.</p>	Linn Bæra
19/16	<p>Medikamentfri behandling – utkast til protokoll.</p> <p>I møtet blei utkast til protokoll gjennomgått. Protokollen blei etter innspelsrunde signert av leiar av regionalt brukarutval, og skal også signerast av adm.dir i Helse Vest før den blir sendt til Helse- og omsorgsdepartementet.</p> <p><u>Innspel frå RBU til protokollen:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Naudsynt med nettverksbygging mellom fagfolk, der ruskompetanse er viktig - Fleire brukarstyrte senger - Det er ønskje om minst to brukarrepresentantar inn i styringsgruppa - Ernæring må gjerne løftast fram som eit eige område 	Carina P. Mæland, Helse Vest
20/16	<p>Eventuelt</p> <p>Ingen saker, men det blei bestemt at møtet den 28. april skal vere i Bergen.</p>	Linn Bæra

Neste RBU-møte er den 30. mars hos Helse Vest på Forus.